

Møteprotokoll

Utval:	Finansutvalet
Møtestad:	Digitalt møte
Dato:	29.10.2020
Tid:	09:00-12:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Alfred Jens Bjørlo	SP

Inviterte som møte:

Stian J. O. Davies, Sigrid Brattabø Handegard, Jannicke Bergesen Clarke, Åsmund Berthelsen og Jeanette Syversen.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Bård Sandal
Per Morten Ekerhovd
Dina Lefdal
Håkon Rasmussen
Bertil Søfteland
Petter Lem Gullestad

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Fylkesdirektør kultur, idrett og integrering
Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Leiar politisk sekretariat
Spesialrådgjevar/møtesekretær

Godkjenningssaker

GK 11/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

PS 10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 22. september 2020

Møteprotokoll frå møte 22.09.2020 vart godkjend utan merknader.

Spørsmål

SI 6/20 Spørsmål frå Ljosland - Krf - Elevtallsprognose

Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Oversikt over elevtal i skoleåra 18/19, 19/20, 20/21

Elevtal i skulane er ikkje ein statisk storleik, det er variasjonar i løpet av inntaksperioden, søkarar takkar nei til tilbod eller får tilbod på høgare ønske. Det er store bevegelsar i søkarmassen i tida rundt skulestart, og mange får nye eller endra tilbod. Som grunnlag for dimensjonering for neste år nyttar vi elevtal per 10.9. Det er søkarar med ungdomsrett som er grunnlaget for dimensjonering. I inntaksperioden er det søkarar med ungdomsrett som får tilbod om plass. Ved ledige plassar kan skulane ta inn søkarar med andre rettar, etter inntaksperioden er over.

Fylkesdirektøren presenterer elevtal på vg1 og totalt elevtal, alle elevar med ungdomsrett:

Elevtal per september, med ungdomsrett		
Skuleåret	vg1	totalt alle nivå
2018/19	7562	18434
2019/20	7610	18294
2020/21	7905	18985

Som det går fram av tabellen har 700 fleire fått skuleplass i 2020/21 enn året før. Det skuldast auke i kapasiteten.

Prognose for dei to neste skoleår

For å hente ut prognoser på tal elevar har vi to tilgjengelege kjelder, SSB og GSI (grunnskulens informasjonssystem)

SSB tala, veit vi av erfaring, er aldri presise nok til dimensjonering av vg1 kapasiteten frå år til år. GSI tala er basert på innmeldte elevar frå grunnskulane, og er rimeleg presise for første året. Det er uheldig at oppdatering av GSI-tal først vert publiserte i desember, dvs. for seint til å vere grunnlag for dei politiske sakene om budsjett og økonomiplan og opplæringstilbodet.

Våren 2020 var det meldt inn 7238 avgangselevar frå dei kommunale grunnskulane i fylket. Våren 2021 vil det komme 7240 avgangselevar frå dei kommunale grunnskulane i fylket. Tal avgangselevar våren 2021 er henta gjennom kontakt med alle skulane. Det er for store differansar mellom GSI-tal og reelle avgangstal til at det er godt nok som grunnlag for planlegging av kapasitet på vg1.

I tillegg går det om lag 450 elevar i private grunnskular i fylket. Dei største grunnskulane er St. Paul og Danielsen, som også har vidaregåande skular, som mange søker seg til. Grunnskuleelevane er lagt inn i reelle tal for 2020 og 2021 for samanlikning med GSI og SSB. Samtidig gir avgangselevar frå dei kommunale grunnskulane betre treff på kor mange som søker fylkeskommunale vidaregåande skular.

I tillegg til avgangselevane frå grunnskulen må dimensjoneringa ta omsyn til:

- Elevar i grunnskule for minoritetsspråklege/ innføringsklassar for minoritetsspråklege. Erfaringane frå nordfylke er at om lag halvparten av desse er klare for vidaregåande opplæring etter eit år i introduksjon/grunnskule.
- Elevar som gjer omval til eit nytt utdanningsprogram på vg1-nivå
- Elevar som søker til private skular.
- Elevar som har hatt avbrot i opplæringa,
- Elevar som for innvilga rett til vg1 over 2 år
- Elevar med rett til spesialundervisning som går i vg1 klassar over fleire år.

Det er ikkje enkelt å lage treffsikre prognosar for søkartalet framover. Som ein tommelfingerregel reknar vi at søkartalet i vg2 er likt elevtalet i vg1, og at søkartalet i vg3 er 65% av elevtalet i vg2. (Alle studieførebuande utdanningsprogram og ein del yrkesfag med ordinært vg3 i skule). Slik er det likevel ikkje, og det skuldast at mange av dei faktorane som påverkar søkartalet i vg1 gjeld også for vg2; omvalsraten, avbrot og elevar som får innvilga vg2 over 2 år.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om at kapasiteten i det utlyste opplæringstilbodet vert dimensjonert på grunnlag av økonomisk ramme, den samla kunnskapen om søkargrunnlag og behov og erfaringar frå tidlegare. Behov for rekruttering i arbeids- og næringslivet er ein viktig del av det samla kunnskapsgrunnlaget i utforming av opplæringstilbodet. Etter resultatet av søkinga er kjent i mars, må ein justere tilbodet for å få best mogeleg samsvar mellom søkinga, tilgjengelege ressursar og behov i arbeids- og næringslivet.

Vedlegg:

Tabell som syner reelle differansar mellom SSB, GSI og reelle avgangselevar.

Fødde	Inn i vidaregåande opplæring	Reelle tal- 2020 meldt inn i Vigo, 2021 innmelding frå skulane	GSI tal publisert 19.12.2019			SSB		Differanse reelle tal - GSI
			Sogn og Fjordane	Hordaland	Sum Vestland	SSB framskrivning etter alternativ MMMM- 16-åringar i Vestland	Differanse GSI- SSB	
2004	2020	7626	1446	6316	7762			-136
2005	2021	7620	1449	6185	7634	7761	-127	-14
2006	2022		1347	6312	7659	7674	-15	
2007	2023		1411	6331	7742	7721	21	
2008	2024		1384	6539	7923	7783	140	

SI 7/20 Spørsmål frå Brosvik - KrF - Kostnad felles ungdomskort

Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Vi reknar at kostnaden med eit felles ungdomskort i heile Vestland fylke ligg ein stad mellom 5 - 10 mill. kroner ved at kunden slepp å kjøpe 2 produkt ved kryssing av gamle fylkesgrenser.

I gamle Hordaland har aldersgrensa lagt eitt år over dei nasjonale retningslinene, og det som er gyldig for Sogn og Fjordane. Ved å senke aldersgrensa til 19 år for heile Vestland fylke vil ein få ein auke i billettinntekter på om lag 3 - 5 mill. kroner ved at kunden må kjøpa dyrare produkt slik som student eller vaksenbillett.

I gamle Sogn og Fjordane har aldersgrensa lagt på dei nasjonale retningslinjene. Ved å auke aldersgrensa til 20 år for gamle Sogn og Fjordane, slik at den blir lik gamle Hordaland, vil ein få ein auke i kostnader på om lag 0,3-0,6 mill. kroner.

Etablering av Vestland og samanslåing av Skyss og Kringom til ein organisasjon medfører krav og forventingar om felles billettsystem og sonestruktur i heile regionen. Arbeidet med å greia ut felles takst- og sonestruktur i Vestland fylke er igangsett.

SI 8/20 Spørsmål frå Andersen (FNB) - Overføring av > 650 MNOK bybanevogn gjeld for å betre gjeldsgraden

Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Svar på spørsmål 1:

Det er tidlegare opplyst at lånegjeld for bybanevogner er om lag 650 mill. kr ved inngangen til 2020. Det kan leggjast til grunn reduksjon av denne summen med 50 mill. kr årleg, slik at ein ved utgangen av 2022 vil stå att med 500 mill. kr av denne lånegjelda.

Det er lagt til grunn at vognkjøpa til byggetrinn 4 til Fyllingsdalen utgjer knapt 300 mill. kr. Når Fyllingsdalsbanen vert sett i drift, kan ein dermed leggja til grunn ei samla bybanevogn gjeld på 500 mill. kr + 300 mill. kr = 800 mill. kr.

Svar på spørsmål 2:

Bybanen AS er eigd av fylkeskommunen, så ei overføring dit vil ikkje redusera den samla gjelda.

Gjelda kan heller ikkje overførast til Ferde A/S ettersom det ikkje er nytta bompengar til kjøp av bybanevogner. Miljøløftet er ein partnerskap, og ikkje ei finansieringskjelde i seg sjølv.

Innanfor ramma av byvekstavtalen kan Vestland fylkeskommune nytte investeringsmidlar til å betale gjeld på bybanevognene. Fylkeskommunen vil uansett måtte stille garantiansvar for det samla låneopptaket.

SI 9/20 Spørsmål frå Syversen (R) - utbytte frå SF Holding AS

Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Utbyttet frå Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) til Sogn og Fjordane Holding AS er kr 59 287 616. Dette vert først utbetalt frå SFE 2. november (pga. pandemien).

Styret i Sogn og Fjordane Holding AS trefte i april i år slikt vedtak: *«Under føresetnad av at SFE betaler utbytte i år tek styret sikte på fremje forslag til utbytteutdeling på grunnlag av mellombalanse jf. aksjelova § 8-2 a. hausten 2020 med halvparten av utbytte frå SFE for driftsåret 2019 og ber revisor og dagleg leiar legge til rette for ein slik prosess»*

Generalforsamlinga slutta seg til dette 29.06.

Opplegget til dagleg leiar i Sogn og Fjordane Holding AS er no at selskapet skal dele ut halvparten av kr 57 523 560 (kr 15 per aksje), dvs. kr. 28 761 780, i ekstraordinært utbytte til aksjonærane i selskapet i 2020.

Vestland fylkeskommune eig 20 % av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS og vil difor venteleg få utbetalt **ca. 5,7 MNOK i utbytte i 2020.**

Dette opplegget må stadfestast av ekstraordinær generalforsamling i selskapet, som tidlegast vert halde i midten av november (truleg noko seinare).

Det er ikkje føringar i Vestland fylkeskommune på bruk av utbyttet.

SI 10/20 Spørsmål frå Hammer (SV) - Kva ligg til grunn for auken i sektorrammene?

Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Løn- og prisvekst

Det er ikkje heilt samsvar mellom overskrifta «løn- og prisvekst» og tabellen under overskrifta, og difor er det forståeleg at representanten stiller spørsmål.

Tabellen på side 10 syner ikkje berre auke i løn- og prisvekst, men alle endringar som har skjedd på sektornivå frå opphøveleg budsjett 2020 og fram til no i budsjettprosessen; jf. a- dok 1 til a- dok 4.

Løn- og prisvekst er inkludert i tabellen, men overskrifta kan gje inntrykk av at endringane i tabellen berre dreier seg om løn- og prisvekst.

Tabellen under syner berre pris- og lønsvekst pr. sektor.

Der ikkje gjort gjennom vurderingar, men lagt til 0,5 % på lønselement og 2,7 % på alle andre.

Det er å merka seg at sektorar med ei betydeleg inntektsside, får ein relativt sett mindre budsjett-påplussing. Tannhelse har store inntekter, og får difor eit netto trekk på 22 000.

Samla er det ei påplussing på 163,6 mill. kr i pris- og lønsvekst som no vert arbeidd inn i sektorbudsjetta.

Sektor / 1000 kr	Samla netto løn- og prisvekst
Opplæring og kompetanse	43 818
Innovasjon og næringsutvikling	4 945
Mobilitet og kollektiv	65 704
Infrastruktur og veg	29 021
Kultur, idrett og inkludering	6 585
Tannhelse	- 22
Strategi og digitalisering	2 413
Pol. Styring, kontrollutv. Org/ øk	11 149
Sum totalt Vestland	163 613

Organisasjon og økonomi, Strategisk utvikling og digitalisering og Politisk styring

Når det gjeld spesifikt momenta under som det vert spurt om:

gjennomføring av stortingsvalet (3 mill), lærlingetilskot (2,5mill),

og frikjøp tillitsvalde (2mill) jamfør sakspapir i finansutvalet i september.

Dette er endringar frå 2020 til 2021 som utgjer eit meirbehov som sektoren har løyst innanfor rammene sine (Stortingsvalet, 3 mill. kr, er ei påplussing tidlegare i budsjettprosessen).

Endringane er ein del av den totale endringa frå 2020 til 2021, men ein kan ikkje knyta dei direkte til dei over 20 mill. kr i endring i tabellen i a-dok 5. Dette fordi auken på over 20 mill. kr i tabellen summerer opp alle positive og negative behovsendringar, tekniske endringar, budsjettreduksjonar og løn- og prisvekst (jf. budsjettprosessen og a-dok 1 til a-dok 4).

Politiske saker

PS 11/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 5/20

Forslag til vedtak:

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, Krf og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Nytt punkt 6:

Finansutvalet salderer budsjettet med følgjande:

Tiltak	Beløp (mill)	Merknad
Kompensasjon ferger	55	Opp til 2020 nivå
Bruk av SPK-fond	24	
Havbruksfondet	28	
Utbytte SFE	11,5	
Administrativt innsparingsprogram	30	Var ikkje innarbeida i dok4
Auka midlar til fordeling	148,5	

Nytt punkt 7:

Finansutvalet aukar sektorbudsjetta slik:

Inndekking av konsekvensar av statsbudsjettet	53,7
SAMO	89,9
KULI	2,6
Næring	2,4
Sum	148,5

Finansutvalet syner til vedtakspunkt 8 d i protokollen frå møte 22.09.2020, og innarbeider følgjande reduksjonar og salderingstiltak:

U0: Tilskot til toppidrett - redusert tilskot og U1: Tilskot til toppidrett (tilbod til toppidrettsutøvarar) alternativ organisering	0,4	
U1: Tilskot til drift av Manger folkehøgskule	0,2	
U1: Fagnettverk	1,4	
U2: Fylkeskommunalt driftstilskot til internat	0,5	
U2: Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek	0,9	
U2: Rådgjevarressurs (ut over avtalefesta nivå)	0,5	
U2: Vidaregåande opplæring for vaksne	2,3	
U2: Arbeidslivskontakt	0,7	
U2: Tilskot til lærebedrifter for lærlingar med meir enn eitt fagbrev	4,5	*effekt av statsbudsjett
U2: Digital pedagogisk ressurs ved dei vidaregåande skulane	0,8	
U0: Redusere driftsløyving til undervisningsutstyr skulane	1,4	
SUM	13,6	

Nytt punkt 8:

-Finansutvalet ber administrasjonen til neste møte synleggjere totalbudsjettet på desse postane desse endringane.

-Finansutvalet vil koma attende til disponering av auka driftsrammer på sektorbudsjetta i neste møte.

-Vestland fylke vil halde fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen dekkjer TT-arbeidsreiser for å få overført ansvaret til dei. Inntil dette er på plass vil fylkeskommunen dekke kostnadane ved dette tiltaket.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3, 6 og 7:

Prosessvedtak nr 3: Finansutvalet tek til orientering omrekning av investeringsrammene.

Prosessvedtak nr 6: Finansutvalet ber om at rest-salderingsbehov for sektoren opplæring og kompetanse på 3,4 MNOK vert gjort med midlar frå disposisjonsfond/pensjonsmidlar. Frigjorte pensjonsmidlar vert overført disposisjonsfond.

Prosessvedtak nr 7:

Finansutvalet ber om at følgjande endringar i høve rådmannen sitt framlegg til saldering av sektoren mobilitet og kollektiv vert innarbeidd i budsjett 2020:

-Senke aldersgrense for Ungdomsbillett frå 20 til 19 år i Hordaland andel buss - 4,0 MNOK

-Senke aldersgrense for ungdomsbillett frå 20 til 19 år i Hordaland andel bane - 1,0 MNOK

- Erstatte biodiesel med autodiesel på buss : - 23,5 MNOK

Takstauke +1 % buss reversert : + 8,0 MNOK

Takstauke +1 % bane reversert : + 2,0 MNOK

Takstauke 1 % under prisvekst buss : + 8,0 MNOK

Takstauke 1 % under prisvekst bane : + 2,0 MNOK

Redusere frekvens buss/bane reversert : + 2,0 MNOK

Reduksjon av tal på billettautomatar frå 113 til 13 reversert : + 4,0 MNOK

Fjerning av kontantar som betalingsmiddel reversert: + 0,5 MNOK»

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

Finansutvalet tek Arbeidsdokument 5/20 til vitande.»

Avrøysting

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H og U) og fall.

Innstillinga punkt 1, 2, 4, 5 og 9 vart vedteke mot 6 røyster (Frp, H og U).

Andersen sitt forslag fekk ei røyst (FNB) og fall.

Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 7 røyster (Frp, H, FNB og U).

Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (Frp, H, FNB og U).

Vedtak

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Status for budsjettprosessen
 - Omrekning og saldering av driftsbudsjettet
 - Omrekning av investeringsbudsjett
 - Oppfølgingspunkt;
 - Snøggbåt
 - Pensjonsområdet

2. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Endringar rammetilskot
 - Inntektstap kollektivtrafikken
 - Korona- verknadar
 - Havbruksfond
 - Løns- og prisvekst
 - Oversyn totalt - økonomisk verknad for Vestland

3. Finansutvalet tek til orientering omrekning av investeringsrammene.

Omrekna rammer for investeringsprogramma i 2021- kr vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

4. Finansutvalet tek orienteringa om den samla innsparinga i administrative kostnader på opp mot 30 mill. kr til vitande.

Finansutvalet ber om at dei ulike innsparingane vert konkretisert og innarbeida i budsjett for 2020.

5. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Endringar i rammetilskot, og flytting av regionale utviklingsmidlar i budsjettet
 - Oppdaterte sektorrammer med løn- og prisvekstFinansutvalet ber om at endringane vert innarbeidd i budsjett 2021 / økonomiplan 2021-24.

6. Finansutvalet salderer budsjettet med følgjande:

Tiltak	Beløp (mill)	Merknad
Kompensasjon ferger	55	Opp til 2020 nivå
Bruk av SPK-fond	24	
Havbruksfondet	28	
Utbytte SFE	11,5	
Administrativt innsparingsprogram	30	Var ikkje innarbeida i dok4
Auka midlar til fordeling	148,5	

7. Finansutvalet aukar sektorbudsjetta slik:

Inndekking av konsekvensar av statsbudsjettet	53,7
SAMO	89,9
KULI	2,6
Næring	2,4
Sum	148,5

Finansutvalet syner til vedtakspunkt 8 d i protokollen frå møte 22.09.2020, og innarbeider følgjande reduksjonar og salderingstiltak:

U0: Tilskot til toppidrett - redusert tilskot og U1: Tilskot til toppidrett (tilbod til toppidrettsutøvarar) alternativ organisering	0,4	
U1: Tilskot til drift av Manger folkehøgskule	0,2	
U1: Fagnettverk	1,4	
U2: Fylkeskommunalt driftstilskot til internat	0,5	
U2: Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek	0,9	
U2: Rådgevarressurs (ut over avtalefesta nivå)	0,5	
U2: Vidaregåande opplæring for vaksne	2,3	
U2: Arbeidslivskontakt	0,7	
U2: Tilskot til lærebedrifter for lærlingar med meir enn eitt fagbrev	4,5	*effekt av statsbudsjett
U2: Digital pedagogisk ressurs ved dei vidaregåande skulane	0,8	
U0: Redusere driftsløyving til undervisningsutstyr skulane	1,4	
SUM	13,6	

8. -Finansutvalet ber administrasjonen til neste møte synleggjere totalbudsjettet på desse postane desse endringane.

-Finansutvalet vil koma attende til disponering av auka driftsrammer på sektorbudsjetta i neste møte.

-Vestland fylke vil halde fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen dekker TT-arbeidsreiser for å få overført ansvaret til dei. Inntil dette er på plass vil fylkeskommunen dekke kostnadane ved dette tiltaket.

9. Finansutvalet tek orienteringa om den vidare detaljeringa av budsjettet til vitande.